



**Midsund kommune**  
**Servicekontoret**

MOTTATT

24 FEB. 2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

15/69

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Julsundvn 9  
6412 Molde

## Melding om vedtak

Vår ref:  
2014/347/28/026

Deres ref:

Saksbehandlar:  
Astrid Abelseth

Dato  
19.02.2016

### Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Midsund kommune

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

#### Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtale skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggerane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.
6. Det vert gjennomført innbyggerundersøkelse etter at folkeavstemming er avholdt. Utarbeidde spørsmål i denne bør leggest fram for kommunestyret før gjennomføring.

Med helsing

Astrid Abelseth  
Rådgevar

Postadresse  
Midsund  
6475 Midsund  
E-post: [postmottak@midsund.kommune.no](mailto:postmottak@midsund.kommune.no)

Besøksadresse  
Utsidevegen 131  
[www.midsund.kommune.no](http://www.midsund.kommune.no)

Telefon  
71 27 05 00  
Telefaks  
71 27 05 01

Bank  
4202.42.79922  
Org.nr  
964 981 159



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2014/347-25

Arkiv: 026

Saksbeh: Ketil Ugelvik

Dato: 15.01.2016

## Saksframlegg

### Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/12	Formannskapet	01.02.2016
16/15	Kommunestyret	11.02.2016

#### Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtale skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggjarane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.

#### Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtalane skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggjarane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.

### **Behandling i Kommunestyret - 11.02.201**

Ordføreren informerte om at det var kome ei henstilling frå Rauma kommune om deltaking i forhandlingar om stor Romsdal.

Det vart halde 10 min gruppemøte og deretter vart det samrøystes vedteke å ynskje Rauma kommune velkomen inn i forhandlingar om stor Romsdal.

Høgre la fram forslag til eit nytt pkt 6 i forslag til vedtak:

*Det vert gjennomført innbyggerundersøkelse etter at folkeavstemming er avholdt.*

Arbeiderpartiet la fram forslag om ei siste setning i pkt 6:

*Utarbeidde spørsmål i denne bør leggst fram for kommunestyret før gjennomføring.*

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 11.02.2016**

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtale skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggerane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.
6. Det vert gjennomført innbyggerundersøkelse etter at folkeavstemming er avholdt. Utarbeidde spørsmål i denne bør leggst fram for kommunestyret før gjennomføring.

### **Saksutgreiing:**

Den 18.juni 2014 vedtok Stortinget å gjennomføre ei kommunereform. Reforma skal bygge på at det vert gjort lokale kommunestyrevedtak. Etter det skal Fylkesmannen kome med ei tilråding overfor departementet. Stortinget skal gjere endeleg vedtak våren 2017 og reforma skal setjast i verk frå 01.01.2020.

Kvar kommune har sine milepælsplanar. Midsund kommune sin milepælsplan følgjer saka som vedlegg.

I K-sak 14/26 vedtok Midsund kommunestyre å vere med på « Utarbeide ei utgreiing om framtidig kommunestruktur i Molderegionen, basert på premissar og rammer som vil kome frå sentrale styresmakter.» I Telemarksforsking si utgreiing var Midsund med i 6 alternativ.

I K-sak 15/40 i møte den 18.06.2015 gjorde kommunestyret vedtak om at Midsund skulle gå vidare med desse alternativa:

Alternativ 1: Midsund –Aukra

Alternativ 2: Heile ROR-Molde, Vestnes, Rauma, Nesset, Midsund, Aukra, Fræna og Eide  
 Alternativ 3: Midsund, Aukra, Vestnes

Den 03.09.2015 i K-sak 15/47 oppretta Midsund kommunestyre eit sonderingsutval . Utvalet har hatt slik samansetjing: ordførar Odd Helge Gangstad, varaordførar Frits Inge Godø, Inger Lise Trønningsdal ( H) og rådmann Ketil Ugelvik.

Vidare i vedtaket heiter det : « 2.Utvalet skal i første omgang gjere sonderingar mot andre kommunar. Utvalet kan sjølv ta initiativ overfor nabokommunar, eller møte nabokommunar når Midsund kommune vert invitert 3. Før ein inngår forhandlingar om intensjonsavtale skal det fremmast sak for kommunestyret.»

I perioden 27.11.2015 – 08.01.2016 vart det avhalde fire sonderingsmøte mellom 7 kommunar i det som har blitt omtala som Romsdalshalvøy-alternativet. Oppsummeringa av dette arbeidet følgjer saka som vedlegg. Rådmannen vil gjere merksam på at dette er ei beskriving av alternativet basert på arbeidet som dei sju forhandlingsutvala har gjort, ikkje eit forhandlingsresultat.

Vidare har det vore to fellesmøter med Aukra formannskap – og det ligg føre eit utkast til intensjonsavtale. Sjå vedlegg.

Den 14.01.2016 møttes Aukra, Midsund og Vestnes til sonderingsmøte, og sonderingsutvala var samde om ikkje tilrå å gå vidare med dette alternativet no.

Denne saka omhandlar retningsval og kva mandat forhandlingsutvalet skal ha.

### **Kommunereforma – bakgrunn og målsettingar:**

Formannskapslova av 1837 markerte starten på kommuneinndelinga og lokalt sjølvstyre. I 1838 var det 392 kommunar i Noreg og i 1937 747 kommunar. Etter det har talet på kommunar vorte redusert og per dato er det 428 kommunar.

Oppbygginga av velferdsstaten har ført til at omfanget og kompleksiteten av kommunale oppgåver har auka særskilt dei siste åra. Spesialisering og digitalisering har gitt denne utviklinga ytterlegare påskyv. Dette er noko av bakgrunnen for at regjeringa sitt ekspertutval påpeika at dagens oppgåveportefølgje for kommunane inneber at kommunane burde ha ein minimumsstørrelse på 15-20.000 innbyggjarar. Kommuneproposisjonen for 2015 inneheld ein eigen meldingsdel om kommunereforma. Dette gjaldt både framdriftsplan og beskriving om økonomiske verkemiddel. Generalistkommuneprinsippet skal ligge til grunn; alle kommunar skal sjølv kunne løyse sine lovpålagde oppgåver. Vidare skal kommunestrukturen legge til rette for ei heilskapleg og oversiktleg forvaltning.

Stortinget slutta seg i juni 2014 til følgjande overordna mål for kommunereforma:

#### **1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.**

« Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølge, særlig i små og spesialiserte tjenester.»

## **2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.**

« Kommunesektoren skal bli betre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal betre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.»

## **3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.**

« Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en meir variert befolknings- og nærings sammensetning. Det gjør kommunene meir overfor uforusette hendelser og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.»

## **4. Styrka lokaldemokrati.**

« Større og meir robuste kommuner kan få fleire oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt sjølvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»

Vurderingane av kva alternativ ein vel må sjåast i lys av desse måla.

Forslag til nytt inntektssystem for kommunane, som no er ute på høring, skal bygge opp under ny kommunestruktur.

### **Vurdering:**

Etter sonderingsmøte mellom Aukra, Midsund og Vestnes den 14.januar 2016 var sonderingsutvala i dei tre kommunane einige om at dette ikkje var eit aktuelt alternativ no. Sonderingsutvalet i Midsund rår til at dette alternativet fell bort.

Etter det sit vi att med to alternativ:

### **Aukra – Midsund**

### **Romsdalshalvøyalternativ i ei eller anna form.**

Det ligg utfordringar knytt til begge alternativa.

Alternativet Aukra – Midsund føreset realisering av Kjerringsundsambandet og det er usikkerheit i forhold til finansiering av dette prosjektet. Sjølv med sambandet på plass er det eit vesentleg spørsmål om dette er ei framtidretta løysing som oppfyller måla i reforma.

Når det gjeld Romsdalshalvøyalternativet er det usikkerheit om kor mange og kven som blir med i dette alternativet.

Kommunane går inn i ein hektisk og overmåte krevjande periode. Før folket skal høyrast er det viktig at sakleg og god informasjon kjem ut, slik at kommunestyret har best mogleg grunnlag for å fatte vedtak i juni.

#### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ketil Ugelvik  
Rådmann

#### **Vedlegg (prenta):**

Milepælsplan for Midsund kommune.  
Utkast til intensjonsavtale mellom Aukra og Midsund  
Beskriving av Romsdalshalvøyalternativet

#### **Vedlegg (uprenta):**

#### **Særutskrift går til:**

ROR  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal